

Søredalsvegen/Åsheim
v/ Torbjørn Krossøy
Nørlandsvegen 76
5981 Masfjordnes

18.08 2023

Masfjorden kommune,
Formannskapet,
5981 Masfjordnes

Søknad om støtte til grusing av veg.

Søredalsvegen/Åsheim er ein privat veg som går frå Nørland og innover Nørlandsdalen med sideveg til Åsheim. Vegen frå Nørland til vegenden er om lag 3 km lang og endar opp med parkeringsplass der ein kan parkera for å koma opp i fjellområda. Sidevegen til Åsheim er om lag 1 km lang og endar opp ved skytebana til Fjon Skyttarlag.

Vegen er svært mykje nytta av folk som nyttar fjellområda våre. Frå parkeringsplassen kan ein gå turar til Ådneburen, Torhågjen og mange går til Kalvedalen/Stusdalen herifrå. Både fastbuande, hyttefolk og tilreisande frå Alver og andre kommunar nyttar denne vegen og parkeringsplassen.

Vegrett har alle gardsbruka på Nørland, Totland, Andvik, Ådnekvam, Reknes og Duesund – som har sæterbruk i fjellet. Frå gammal tid var det pliktarbeid for å byggja og reparera vegen.

Me danna veglaget Søredalsvegen/Åsheim for ca 20 år sidan og har sidan kravd inn bompengar for å nytta vegen. Prisen er kr 30 pr dag og kr 300 for årskort. Det har vore varierande om køyrande har betalt bompengar men etter at me har fått Vipps, har dette betra seg. Me får inn om lag kr 15 000 årleg i bompengar. Veglaget er registrert i Brønnøysundregistera med org. Nr 929 131 231.

For nokre år sidan (ca 2007) rusta me opp heile vegen. Den gong kom det på kr 180 000. Me måtte låna pengar og det tok mange år før dette var nedbetalt. Vegen er grusveg og er sårbar når det kjem store nedbørsmengder.

Vegen frå Nørland til Storavatnet der Nørlandselva kraft har vassinntak, vart rusta opp av kraftverket for to år sidan og har grei standard. Nørlandselva kraft laga også til parkeringsplass ved bompenge-bua slik at dei som ynskjer å gå fotturar innover Nørlandsdalen har høve til det – denne er også svært mykje nytta.

Nørlandselva kraft har også plikt til å vedlikehalda vegen frå Nørland opp til vassinntaket ved Storavatnet .

Vegen frå Storavatnet og inn til parkeringsplassen var no i svært dårlig forfatning. Midten av vegen var svært høg og det var mykje store steinar som stakk opp slik at det var vanskeleg å køyra med bilar utan at ein tok oppi. Me måtte enten rusta den opp – eller så var alternativet å stengja vegen for biltrafikk. Det siste ville fått store konsekvensar for alle dei som nytta vegen.

Me har kr 75 000 i oppsparte bompengar og me har nyleg leigd inn entrepenør F. Haugsvær Maskin som har jamna vegen, grave av toppane og reinska grøfster og avløp frå Storavatnet og inn til vegenden – ein strekning på 1,5 kilometer. Vegen er no valsaa og klar til grusing. Me har ikkje

fått rekninga for dette arbeidet enno – men eg vil tru det kjem på nærmere kr 60 000. Dette betalar me av dei pengane me har på konto.

Det er no svært viktig at vegen vert grusa – og det har me ikkje pengar til. Me ber difor Masfjorden kommune om støtte til å grusa vegen frå Storavatnet til parkeringsplassen. Me har innhenta anbud frå Frode Haugsvær maskin som ligg vedlagt. Dette arbeidet vil koma på kr 216 878,75 inkludert mva.

Veglaget kan ikkje ta opp lån. Me håpar at Masfjorden kommune vil støtta oss med tilskot. Dersom evt tilskot ikkje er nok til å dekka kostnaden håpar me at kommunen kan forskottera resten - slik at me betalar restsummen tilbake i årlege avdrag etter som bompengane kjem inn.

Me håpar på rask sakshandsaming og positivt svar slik at me kan få grusa vegen før vinteren kjem.

Mvh
Søredalsvegen/Åsheim



Torbjørn Krossøy